# Bokn Bygdablad

Nr. 7 september  2014 – Årg. 29



Kampen om Vikingskipet – s. 3



Kjerneboring – s. 4



40 års jub. 1 – s. 13

19. OKTOBER 2014
KIRKENS NØDHJELP
TV-AKSJONEN NRK

40 års jub. 2 – s. 25

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding!*

**Fyren bustadfelt**

I veke 37 blei det gjennomført anbodsopning for det nye bustadområdet i Fyrvegen. Entreprenør Ernst Grindheim AS fekk då oppgåva med å gjera ferdig sjølve bustadområdet i tillegg til å byggja nytt kryss mellom fylkesvegen og Driftavegen og å utvida Driftavegen og Fyrvegen.

Med det kan me endeleg setja spaden i jorda og tilby byggmogna tomter i Bokn. I fleire år nå har det vore etterspurnad etter tradisjonelle einbustadtomter i Bokn, men utvalet har vore avgrensa. Det skal nå byggmognast åtte einebustadtomter og fire bustadeiningar i rekke i tillegg til leikeplass i området straks nord for Fyrvegen. Utbygginga skjer i ei logisk retning i eit alt eksisterande bustadområde, og der all infrastruktur er på plass. Ei slik fortetting reduserar presset på landbruksareal, samstundes som ein får utbetra dagens dårlege kryssløysing mellom fylkesvegen og Driftavegen.

Tomtene blir lyste ut for sal etter kvart som tomtene blir byggmogna. Prisane blir retningsgjevande og skal endeleg bli vedtatt av kommunestyret i løpet av hausten. I tillegg til tomteprisane kjem tilknytingsavgift for vatn og kloakk, oppmålingsgebyr og tinglysingsgebyr. Endelege tomteprisar vil bli annonsert når desse er vedtatt.



***Utbyggjinga i Fyrvegen vil skje i dette området, samstundes som ein får utbetra dagens veg fram til fylkesvegen.***

**TV-aksjonen 2014**

Kirkens Nødhjelp har fått NRK sin årlege innsamlingsaksjon og det er fjerde gang Kirkens Nødhjelp skal ha TV-aksjonen. Dei innsamla pengane frå årets aksjon skal sikra éin million menneske bærekraftig tilgang til reint vatn, og skal brukast i konkrete prosjekt i åtte ulike land i ein femårsperiode.

For å kunne overleve er tilgang til reint vatn ein absolutt føresetnad for alle menneske. Ikkje berre for å kunne drikke seg utørste, men også for å kunne halda seg friske. Dessutan sikrar tilgang til vatn både avlingar, buskap og mat og det hindrar konflikt og skapar samfunnsutvikling. Her i Vesten tar me det som ein sjølvfølge at det kjem vatn or springen, i mange land må kvinner og barn gå i mange timar for å finne reint vatn. Denne tidsbruken går utover andre viktige gjeremål, til dømes utdanning og arbeid, samstundes som kvinner og barn er ekstra utsatte for vold og seksuelle overgrep når vegen er lang til vasskjeldene.

Årets TV-aksjon blir gjennomført den 19. oktober. Kontakt kulturkontoret på Boknatun viss du ynskjer å stille som bøssebærar. Elles vil eg oppmoda alle boknarar om å opna lommebøkene og ta godt i mot bøssebærarane denne dagen. For bare 200 kroner kan du gi vatn til eitt menneske for resten av livet. Det er ein verdig og viktig investering!

*Ordføraren*




Interessert i å vera bøsseberar? Ta kontakt med kulturkontoret;

jardar.havikbotn@bokn.kommune.no
Tlf. 52 75 25 00 - 98 22 15 08

# Stor speidaraktivitet

Jan Magne Moi

**«Kampen om Vikingskipet» er ei årviss tevling som samlar mange speidarar til Bokn. Tevlinga starta for 17 år sidan. Det var då Åsmund Alvestad og Tor Harald Alvestad som kom med ideen.**

Sidan har det utvikla seg og vore eit årvisst tiltak. Fredag 19. september var 130 speidarar fordelte på 23 patruljer som tok del. Heile 11 forskjellige speidartropper hadde meldt inn patruljer. For å kunna gjennomføra kvelden, var det over 50 leiarar som hjelpte til

**25 postar**
Bokn KFUM-KFUK inviterer «Vandrarar» (6. - 10.klasse) frå alle troppene i Haugaland krets av KFUM-KFUK. Arrangementet starta kl. 20.00 om kvelden og det var lagt ut 25 postar rundt om i Føresvik. Startpunktet og hjarta i aktivitetane denne kvelden, var på skulen. Alle patruljene måtte melde seg der etter kvart oppdrag. Postane/oppdraga gav poeng etter kor vanskelege dei var, og kor langt frå startpunktet dei låg. Her var dekkskift, matlaging, rollespel, førstehjelp, naturkunnskap, båltenning, lage taustige mm. Etter kvart oppdrag kom dei tilbake til skulen. Oppgåveløysinga gav utteljing i «Boknadollar». Denne kvelden var det «Ørn» frå Førre som samla flest «Boknadollar» .
«Kampen om Vikingskipet» er likevel ein kamp mellom patruljene på Bokn. «Pigghå» var den patruljen som vann «Vikingskipet». Denne patruljen vart nr 3 i oppsamla «Boknadollar».

Arrangementet varte til kl. 24.00. Før avslutning var det kakao og bollar. Presten vår, Arne Aurdal, heldt andakt og arrangementet vart avslutta med song av speidarbøna.

**Trivsel**
Medan trøytte og godt nøgde speidarar reiste heim, var det ein gjeng som måtte stå att for å ta oppryddinga. Det står stor respekt av det arbeidet som leiarane i Bokn legg ned for å gjennomføra eit så stort arrangement. Men når ein ser korleis speidarane trivst, er det god løn for strevet. Takk for flott innsats!





















*1. Lage taustige! Korleis?*
*2. Matoppgåve som smaker.*
*3. Nye utfordringar. Kva skal me velje?*
*4. Ferdig stige! Men trygg?*
*5. Pakke kano trygt for segling.*
*6. Skifte dekk er ei utfordring*
*7. Flytte underlag. Stor og liten ball skal fram og tilbake i salen.*



# Kjerneboring i Boknafjorden

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: Tor Geir Espedal

I vel ein månad har boreskipet «Island Performer», på oppdrag frå Statens vegvesen, drive kjerneboring i området der Rogfast-tunnelen skal gå i Boknafjorden. Ein har tidlegare vore usikker på kva bergartar ein finn i dei djupaste områda av Boknafjorden. Dei fyrste prøvane som er henta opp frå 350 meters djup viser mykje glimmerskifer. Dette er ein vanleg bergart på våre kantar, og i tunnelsamanheng gir denne type fjell lite lekkasjar då steinmassen er svært tett. Etter laboratorieanalysar, skal ei ekspertgruppe vurdera kjerneprøvene.

Totalt skal det borast fire hol langs tunneltrasèen på 190 til 288 meters djupnad, med ei totallengd på 1000 meter. Selskapet VTT Maritime gjennomførar oppdraget som har ein verdi på 65 millionar kroner. Underleverandørane Island Offshore og Baker Hughes står for sjølve kjerneboringane.

**Oljeteknologi**

For å kunne kartlegge eventuelle svake soner i berggrunnen, har det vore naudsynt å bruke teknologi frå oljeverksemda i Nordsjøen. Det er såleis fyrste gongen offshoreteknologi har blitt brukt i samband med eit vegprosjekt i Noreg. Kjerneboringa, som foregår i havet mellom Bokn og Kvitsøy, er det fyrste oppdraget for det splitter nye fartøyet. «Island Performer» blei levert frå verftet i Ulstein i slutten av august, og er innretta slik at ein kan bore i vinkel ved hjelp av såkalla kveilerøyr. Den retningsstyrte kjerneboringa frå «Island Performer» føregår ved at ein nyttar ein såkalla subsea-injektor som mater kveilerøyr med borekrone ned i



*Det nye boreskipet «Island Performer» skal i fleire veker ligge i Boknafjorden mellom Bokn og Kvitsøy.*



*Kveilerøyr blir brukt for å kunne gjennomføra vertikalboring.*

fjellformasjonane. Den store fordelen med kveilerøyr er at det går an å bore i mykje brattare vinklar enn med tradisjonell rotasjonsboring.

Rogfast-prosjektet har nå ein prislapp på 13,8 milliardar kroner og Statens vegvesen planlegg oppstart i midten av 2016. Reguleringsplanen for Rog-

fast i Bokn kommune, skal etter planen behandlast av kommunestyret i juni 2015. Heile prosjektet kan stå ferdig i 2024 eller 2025.

---



***Den fyrste boreprøva viser glimmerskiffer, såkalla «rådafjell». Innhaldet i røyra blir forsiktig pirka ut og plassert i trekassar.***

# Pris til HighComp

Jardar Havikbotn

**På TPS/LEAN Nettverkskonferansen 11. september fekk boknabedrifta ein pris for effektiv produksjon.**



***HighComp mottar årets Produktivitetspris, fv. Algis Feiferis, Helge Rasmussen, Fredrik Faye, Arne Aarvik, Darius Jonas Piekarskis, Arnoldas Aminovas, Ricardas Motiecius og Ann Jeanette Sunde Olaussen.***

Det var over 350 personar til stades på konferansen, som blei avvikla på Sola. Eit av hovudtemaene var utfordringane som oljeservicebransjen, landbasert industri og også offentleg verksemd nå møter relatert til reduksjon av høge kostnader og behov for styrka effektivitet, og korleis leiingsfilosofien "LEAN" kan brukast til å koma over kostnadskneiken.

**Juryen sa fylgjande om prisen:** *Årets Produktivitetspris går til Highcomp AS på Bokn for ei sterk produktivitetsauke og betring i alle vitale nøkkeltal - dermed klart sterkare konkurransekraft og attraktivitet.*

**Implementering gav gevinst**

HighComp har sett i verk TPM/LEAN-metoden (Toyota Production System/*lean manufacturing - slank produksjon*) i produksjonen sin. Metoden har utspringet sitt hos bilprodusenten Toyota, og formålet er å få til ein smidigare produksjon med mindre utgifter, betre flyt og større fokus på verdien sluttproduktet har for kunden. Komposittfirmaet på Bokn, som leverer både til oppdrettsbransjen og til olje og gass, valde å implementera Lean i arbeidet på grunn av at dei stadig blei utkonkurrert av lågkost-land. Nå har dei fått redusert timeantallet med 50 prosent, fått mindre svinn, samt auka effektiviteten pr. time. Sjukefråværet har også gått ned.

Tom Ivar Omdahl, leiar for konsulentselskapet Samarbeidsutvikling, som er teknisk arrangør for konferansen, seier at hensikta med den årlige prisutdelinga er å gi bedriftane ros for det arbeidet dei har gjort, samt motivasjon til å jobba vidare med LEAN.

**Bokn Bygdablad gratulerer med prisen!**

**Kjelder:**
**Line Njaa Viste/Wikipedia**




# Ryfast-kontrakt til boknafirma

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Eivind Moi Eikje

**Bunndata AS vann ein kontrakt med Statens Vegvesen i samband med utbygging av Ryfast.**

Kontrakten er på to år (med opsjon på to år til), og går ut på å kartlegga havbotn i samband med arbeidet på Ryfast-prosjektet.
Bunndata nyttar multistråleanlegg, som teiknar eit nøyaktig og detaljert kart over botn, samt ROV som er ein fjernstyrt undervassfarkost for å laga videodokumentasjon over det aktuelle området.

Styreleiar Erik Eikje seier til Bokn Bygdablad at med denne kartlegginga av botn vil Bunndata gi Statens vegvesen moglegheit til å ha kontroll og oversikt over overskotsmassane frå tunnelarbeidet som blir fylt ut i sjøen i anleggstida.

**Bokn Bygdablad gratulerer med kontrakten!**






***OPPDRAG FOR STATENS VEGVESEN: Bildene viser det eine området der Bunndata AS måler opp ved Solbakk (Tau), der tunellmasse blir fylt ut i sjøen.***

## Gåve frå SR-bank

Solrunn Alvestad

I forbindelse med at økonomiavdelinga i kommunen innførte elektronisk sending og mottak av fakturaer, vart det utlyst ein konkurranse mellom barnehagen og skulefritid om kven som klarte å få flest mogeleg av våre kundar til å ta i bruk eFaktura i staden for vanleg papirfaktura. SR-bank støtta konkurransen med å gi ein gevinst på kr. 5000,- til innkjøp av leiker til den avdelinga som vann.




Ved gjennomgang av kunderegisteret då konkurransen var slutt, vart det barnehagen som vann konkurransen kor 33,3% av kundane hadde inngått eFaktura avtale, medan SFO hadde 28,5%. På bildet blir gevinsten frå SR-bank overlevert til barnehagen, ved styrar Anne Ottem, og ungane vil snart kunne gleda seg over nye leiker.

**Formannskapsmøte 24.06.2014, sak 054 /14**

**Reguleringsplan Laupland – Knarholmen – E39 Rogfast**.

**Formannskapet vedtok samrøystes:** Rådmannen si innstilling vart vedtatt. Rådmannen si innstilling var som fylgande: Med utgangspunkt i framforhandla intensjonsavtale mellom Bokn kommune og Statens Vegvesen v/Rogfastprosjektet, vil rådmannen vil rå til at Bokn kommunestyre vedtar planprogrammet for reguleringsplan E 39 Laupland – Knarholmen basert på alternativ B3.

---

**Forvaltningsstyremøte 27.08.2014, sak 023/14**

**Reguleringsarbeid Føresvik Marina - prinsippvurdering.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall

---

**Forvaltningsstyremøte 27.08.2014, sak 024/14**

**Reguleringsplan Øyren - endring - ny handsaming**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til endring av reguleringsplanen for Øyren med kart dagsett 24.07.2014 og føresegner dagsett 25.07.2014 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

---

**Forvaltningsstyremøte 27.08.2014, sak 025/14**

**Gnr.1 bnr.1 - Erik Eikje - frådeling av tomt med bustad og stall - klage på vedtak om dispensasjon**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak** (mot 1 røyst frå Ap):

1. Forvaltningsstyret finn ikkje at momenta i fylkesmannen si klage inneheld nye argument og opplysningar som forvaltningsstyret ikkje var kjent med då det vart gjort vedtak om dispensasjon i sak 014/14.
   Forvaltningsstyret finn derfor å måtte halde fast på vedtaket i sak 014/14, og finn ikkje at dispensasjon vil føre til at omsynet som ligg bak planen vert sett vesentleg til sides.

   Ut frå den landbruksfaglege uttalen og tilleggsopplysningane frå søkjar, finn forvaltningsstyret at føremona ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

2. Saka blir sendt over til fylkesmannen for vidare ekspedisjon til klageinstans for endeleg vedtak.

---

**Forvaltningsstyremøte 27.08.2014, sak 026/14**

**Gnr. 3 bnr. 44 - Arne Øvrebø - frådeling av tomt med påstående naust – dispensasjon**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå gjeldande reguleringsplan og deleforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova for frådeling av ein parsell frå gnr. 3 bnr. 44 med påstående naust slik som omsøkt.
   Det er lagt vekt på at det det allereie står eit naust på tomta, og det er ein føresetnad at dette får uendra bruk.
   Etter forvaltningsstyret sitt syn, fører derfor ikkje ein dispensasjon til at dei omsyn som ligg bak reguleringsplanen og deleforbodet i strandsona vert sett vesentleg til sides.

   Forvaltningsstyret finn også at føremona ved å gje dispensasjon er vesentleg større enn ulempene etter ei samla vurdering.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg løyve til frådeling gjevast administrativt på delegert fullmakt.

---

**Forvaltningsstyremøte 27.08.2014, sak 027/14**

**Gnr. 22 bnr. 5 - Lars Henry Vedø - fritidsbustad – dispensasjon**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak (mot 1 røyst frå Ap):**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av ny fritidsbustad på eksisterande grunnmur slik det er søkt om.
   Det er lagt vekt på at det det inntil ganske nyleg har stått ein fritidsbustad på same grunnmuren, slik at tiltaket etter forvaltningstyret sitt syn, ikkje endrar den faktiske arealbruken.
   Tiltaket vil derfor slik forvaltningsstyret ser det, ikkje føre til at dei omsyn som ligg bak kommune-

planen vil verta sett vesentleg til sides.
Den dårlege tilstanden til den opphavlege bygningen, vil også føre til at føremona ved å gje dispensasjon for oppføring av eit nybygg vil vere klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt, på delegert fullmakt.

---

**Forvaltningsstyremøte 27.08.2014, sak 028/14**

**Gnr. 9 bnr. 37 - Edvard Tjøstheim - riving av eksisterande båtgarasje og oppføring av ny med bustad - dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne dispensere frå kravet om reguleringsplan eller frå byggeforbodet i 100-metersbeltet for oppføring av båtgarasje med bustaddel, då dette vert vurdert å setje omsynet som ligg bak kommuneplanen med tilhøyrande føresegner vesentleg til side. Forvaltningstyret kan heller ikkje sjå at føremona ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

2. Forvaltningsstyret vil kunne gå inn for å dispensere frå kommuneplanen med tilhøyrande føresegner og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet for oppføring av ein ny rein båtgarasje utan bustaddel til erstatning for den eksisterande.

---

**Forvaltningsstyremøte 27.08.2014, sak 029/14**

**Møteplan for forvaltningsstyret hausten 2014.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Det blir sett opp 2 nye møte onsdag den 24. september og tirsdag den 11. november. Møte i desember blir flytta fra onsdag den 3. til torsdag den 4.

---

**Forvaltningsstyremøte 27.08.2014, sak 030/14**

**Meldingssaker til forvaltningsstyret 27.08.2014**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Meldingssakene vart tatt til orientering.



# Teleslynger på skulen

Jardar Havikbotn

**I veke 39 blei det montert teleslynger i gymsalen og i Auditoriet.**

Teleslyngene slår seg på når lydanlegga i dei to romma blir tekne i bruk.

I gymsalen er slynga montert oppå golvlistene og følger listverket rundt dørene og opningane. Ho er godt festa og er sjølvsagt ikkje i vegen for dei ulike aktivitetane i salen. I Auditoriet ligg teleslynga inne i veggane. Det har ho gjort sidan rommet var nytt i 2002, men av ein eller annan grunn ikkje vore kobla til - før nå.





***Gunnar Levang (tv.) og Øyvind Børgesen frå 4Sound Helgelands musikk har montert teleslyngene på skulen.***
***I gymsalen følger slynga listverket på golvet og rundt dørene og opningane.***

Serie av
Birger Lindanger

# Med båt til Bokn

Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

## D/S SANDEID

**Austreboknarane treng rutebåt**

Ei særskilt utfordring i Bokn, var å halda gåande eit regelmessig rutesamband med Austre Bokn. Ikkje minst galdt det etter at øya fekk skikkeleg dampskipskai på Tåganes i 1924 og handelslag året etter. Fyrst ute var DS Rapid som var innom øya fire gonger i veka: to gonger på nord og to gonger på sør.

Denne ruta stoppa opp i og med den andre verdskrigen. I staden var det nokre skøyter som trafikkerte øya frå tid til annan, mellom anna den 59 fot store skøyta *Aalund.*

I 1945, då krigen tok slutt, kontakta Austre Bokn handelslag Det Stavangerske Dampskibsselskab i Stavanger for å få eit betre rutetilbod. DSD svara med å setja inn skjoldaruta på Tåganes. Det var *DS Sandeid* som både gjekk innom dei ytre delane av Tysvær og sidan inn heile Skjoldafjorden til Isvik. Slik sett kom fartøyet i seks år til å bli noko av ei livsnerve for Austre Bokn

For ein liten gut var dette eit prektig skip. I salongen var det gammaldagse plysjmøblar og på veggane parafinlampar i messing. Nede på styrbord side låg *stutasalongen.* Det var eit liv når me låg til kai og flokkar av sauer, kyr eller hestar skulle om bord – særleg om dei var litt uviljuge. Mest spennande var det likevel når Sandeid blei borda på fjorden og til dømes tok inn hestar i vinsjen.

**Eit kolfyrt dampskip**

Då D/S *Sandeid* la inn Austre Bokn i ruteplanen sin, hadde det alt 53 års



***DS Stavanger i Stavanger 30. juli 1918.***

***Foto: Anders Beer Wilse***

fartstid bak seg. Det blei i 1892 bygd av Stavanger Støberi & Dok og same sommaren levert til Sandnæs-Aktieselskab.

Heilt frå starten blei *DS Sannæs* – som i 1903 blei døypt om til *DS Sandeid* - sett inn i nattruta: Sandnes – Stavanger – Haugsund – Bergen og retur. Frå hausten 1892 gjekk det to seglingar, tysdag og fredag, frå Stavanger. Frå denne hausten blei også Føresvik og Kopervik lagt inn i ruteplanen. Slik sett var *DS Sandeid* kjend i Bokn frå fyrste turen.

*DS Sandeid* var heilt til slutt eit kolfyrt dampskip. Skroget var av stål og fartøyet var 107,8 meter langt og 29,1 meter breitt. Farten var på ni knop og sertifisert for 290 passasjerar i innanskjers fart, hadde ein tonnasje på 167 bruttotonn og hadde frå starten eit mannskap på 14: to offiserar, to maskinistar, fire dekksfolk, to maskinfolk og fire i forpleining.

*Sandeid* gjekk i nattrutefart til 1903. Då kjøpte Det Stavangerske Dampskibsselskab opp fartøyet for lokalrutefart i Ryfylkefjordane. Fyrst gjekk skipet i rute Stavanger – Hjelmeland – Åmsosen, sidan mellom anna i ruta Stavanger – Nedstrand- Sandeid-Åmsosen- Yrkje. Frå 1923 blei *Sandeid* også sett inn i Skjoldaruta.

Under den andre verdskrigen gjekk *Sandeid* mest på Ryfylkeøyane: Rennesøy og Finnøy, men vende altså frå 1945 tilbake til Skjoldaruta der altså Tåganes og Austre Bokn blei lagt inn i ruteplanen.

**Eit ulykkesskip?**

*DS Sandeid* fekk med åra ord på seg for å vera eit ulukkesskip. Fyrste gongen det gjekk galt, var 12.januar 1899. Klokka 7 om morgonen var



***DS Sandeid til kai i Tåganes bare nokre månadar før havariet.***

*Sandeid* – eller *Sandnæs* som båten heitte då - på veg sørover i nattruta. Det var mørkt, og ved Bøneset i Karmsundet såg dei frå brua den raude lanterna til eit møtande fartøy. Brått viste det andre fartøyet grøn lanterne, det prøvde å kryssa framfor baugen på *Sandeid.* Men avstanden var for kort,. Baugen til Sandeid rende inn i lokalrutebåten *Avaldsnæs* og delte han i to. *Avaldsnæs* gjekk raskt ned og fire menneske omkom. *Sandeid* fekk likevel bare mindre skader i baugen.

Åtte år etter, den 11. august 1907, skjedde det på ny. Klokka var 23,30, det gjekk med byger og var nokså ring sikt. *Sandeid* hadde då nett gått frå Stavanger og skulle gjennom Lindøysundet på veg til Hjelmeland. I mot kom lystyachten *Betty* tilhøyrande direktør Christian Bjelland i Stavanger og med elleve festglade passasjerar på veg frå Judaberg til Stavanger. Der i sundet gjekk det ikkje likare enn at dei to fartøya tørna saman og yachten gjekk ned. Fire av dei på yachten drukna. Christian Bjelland mista kona si, Thora, medan paret Hjalmar og Josefine Thomsen og sonen Bjarne alle drukna. Også denne gongen fekk Sandeid bare mindre skader.

Tretten år seinare gjekk det galt att: *En forfærdelig ulykke er foregaaet i Nedre Vats i morges* skreiv Haugesunds Avis morgonen 29. desember 1919. *Sandeid* gjekk nå mellom anna i rute på Åmsosen, men som det stundom var, var fjorden så frosen at det var ikkje råd å koma inn. *Sandeid* la seg difor heilt ute ved Rauneshol-men og dei som ville om bord, laut roast ut.

Mellom dei var seks ungdommar som hadde vore på juleferie heime i Vats, men som nå skulle tilbake til Stavanger.

Det var ein nokså skarp vind, men den fyrste turen med passasjerar ut til skipet gjekk greitt. Men då roaren gjekk inn for å henta dei seks – tri gutar og tri jenter – blei truleg den vesle færingen for full. Dette kombinert med frisk vind gjorde at båten kantra rett utanfor båtstøa og alle dei sju hamna i sjøen. *Sandeid* sette straks ut båt som var på staden etter bare fem minuttar. Men det var alt for seint, dei fekk bare berga ein av ungdommen. Dei andre seks omkom.

**Havariet**

Så kjem me til den neste, kalde vinterdagen: 5. desember 1951. *Sandeid* var på veg sørover i Skjoldaruta. Det hadde vore innom Espevik, Hervik og Slåttevik sidan Skjoldastraumen og var komen til Austre Bokn. Der lasta dei mellom anna inn gris i stutasalongen

Margot, den 17.årige dottera til Magda og Albert Øvrebø stelte seg heime for å bli med sørover. Men det var meld storm og det rauk fælt opp. Dessutan låg *Sandeid* med noko slagside ved kaien. Det enda med at Magda nekta dotter si å dra til Stavanger denne turen, ho fekk vente til vêret hadde tolt noko.

Klokka tolv middag la *Sandeid* frå kaien i Tåganes med 15 om bord: ni besetningsmedlemmar og seks passasjerar. Albert Øvrebø hadde vore ute for å trekkja teiner, og var på veg heim då skuta passerte han med ei nokså kraftig slagside, tykte han. Dessutan var sjøen heller grov utover fjorden.

I lasterommet hadde *Sandeid* potetsekkar, som dekkslast frakta dei nokre tonn kantstein og dessutan nokre kassar med høns  og i stutasalongen var det stua saman tretti griser og nokre kyr. I Slåttevik hadde dei fått telegram om at det galdt å vera tidleg i byen, *Sandeid* skulle inn i ei anna rute. Difor var det ikkje tale om å gå heilt innaskjærs, austanom Rennesøy, sjølv om vêret skulle tilseia det: Det var storm med orkan i kasta. Skummelt var det også at nokre av spygatta var støypte att.

Ved innseglinga til Mastrafjorden var det stygg straumsjø. Fyrst kom ein brottsjø som feidde presenningar, bordendar og kaklande høns til havs. Så kom den neste som var større. Nå krengde båten så mykje mot babord at den tunge kantsteinen reiv seg laus og rausa ut i sida. Sjøen fylte opp dekket mellom overbygningen og bakken medan dei tilstoppa spygatta hindra mykje av sjøen å renna ut.

Sidan kom det ein sjø til og endå ein og gav *Sandeid* stadig meir slagside. Dei rakk ikkje å setja ut båtane, då folka kom ut, gjekk dei på skutesida.

Det gjekk bare ti minuttar frå den fyrste bylgja trefte og til *Sandeid* gjekk ned med akterskipet fyrst.

Bjørn Hervik hamna også i sjøen og trudde han hadde mista sonen Torgrim i havariet. Utmødd kom han seg opp på ein flåte då han såg noko lyst hår under flåten, mest som ein tangvase. To som låg og dreiv medan dei heldt seg fast i ein tom brødkasse, trudde Bjarne hadde gått frå vitet. For brått stupte han i sjøen att – og kom opp att med Torgrim. Han fekk han opp på flåten slik at dei begge berga livet.

Heldigvis såg dei klart frå Utstein kva som skjedde. Ei militær og tri sivile skøyter gjekk ut og tok opp leitinga. Den fyrste skøyta var ute bare ti minuttar etter at *Sandeid* hadde gått ned. Dei berga sju: To av mannskapet og fem av passasjerane *etter en strålende bergingsinnsats med livet som innsats* som det heitte i Stavanger Aftenblad. Eigentleg berga dei i land 13, men seks var så nedkjølte at dei ikkje var til å berga. Dei overlevande blei frakta til Utstein Kloster der dei fekk varme og mat. Elles makta to grisar å symja dei 600 metrane inn til Utsteinlandet og kom seg levande i land.

I dag ligg framleis vraket til *Sandeid* ved innseglinga til Mastrafjorden, bare frå tid til annan med besøk av froskemenn som er nede for å inspisera vraket.



***D/S Sandeid var på 188 br.rg. Tonn. Stavangerske overtok skipet i 1903. Tidlegare var det Sandnæs Dampskibs-Aktieselskabs første skip med namnet Sandnæs.***

***Biletet er henta frå Stavanger Aftenblad.***

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan

### FRÅ NR. 7 1994

### LANDSLEIREN PÅ SOLØR - 1994!

I sommar har speidarar frå Bokn, frå heila landet og frå ein del andre land vore på leir.
Bokn-speidarane reiste heimanfrå den 29. juli. Me køyrde 70 mil - 12 timar. Me hadde ein kjempefin tur.

Då me kom til Solør i Åsnes kommune i Hedmark fylke, byrja me å laga matbord og kjøkkenbenk med ein gong. På søndagen var det opningsseremoni, då var det knallvarmt, så med ein gong den var ferdig bar det til Glomma. I Glomma bada me nesten kvar dag. Det vart seld masse is og brus, så kioskvarene vart utselde med ein gong.

På leiren var det mange aktivitetar. Den eine var at me skulle slå ein verdsrekord. Den gjekk ut på å laga verdas lengste grillspyd, og det klarde me. Grillspydet vart ca. 1,2 kilometer langt.

Haiken me skulle på i Finnskog vart avlyst p.g.a. skogbrannfare. I staden vart haiken langs Glomma. Me hadde det kjempekjekt, for me kunne gjera kva me ville - for leiarane var igjen i leiren.
Kvar morgon var det flaggheis og bibeltime - og kvar morgon vakna me til musikk - leirsongen. Kvar kveld hadde me leirbål. Då opptrådde forskjellige folk, dei hadde sketsjar osv.
På leiren var det fine doer og Bokn fekk ein dag dei måtte vaska doa og Brit sa seg villig til å vaska.
John Øvrebø starta sin eigen fanklubb. Viss nokon ville vera med måtte dei betala 10 kroner. Og pengane gjekk til Rwanda.

Heimturen gjekk bra. Me kom heim søndag den 6. august kl. 22.00. Me hadde ein kjempekjekk leir.

Helsing 3 speidarar.

# 50-års-konfirmantane stilte opp

Jan Magne Moi

**Søndag 31. august stilte 50-årskonfirmantane opp i kyrkja. Dei var 10 stykker. 2 av 60-årskonfirmantane hadde også møtt fram. For 50 år sidan var dei 23 stykker.**

Prest Arne Aurdal tok dei fram i koret og stilte dei ein del spørsmål. Det var tydeleg at ting var litt meir alvorleg og stivt for 50 år sidan. Dei hadde konfirmantundervisninga på laurdagar. Då kom dei roande over frå Austre Bokn og vegen over land frå Loden var lang.

- Det regna og var surt kvar gong me skulle for presten, var det ein som sa.

- Men på konfirmasjonsdagen var det fint ver.

Kva dei fekk i konfirmasjonsgåver? Jau, det var sølvskeier og fleire slike ting.



***Bak fv. Erling Sæbø, Solrunn Våga Dahle med Marianne Øvrebø - f. Jøsang bak, Gudny Sæbø - f. Svendsen, Solveig Kro - f. Aksdal, Reidar Borgenvik, Inger Sønnøve Bokneberg - f. Berge, Margunn Håland - f. Kro med Ole Øvrebø bak, Harry Hognaland og prest Arne Aurdal.***

***Foto: Leiv Våga***

Ute på kyrkjebakken kom det fram at to av konfirmantane hadde funne saman og var gifte den dag i dag.

Med eit smil for dei vidare til kaffe og meir samtale.

# Årets konfirmantar stilte opp

Jan Magne Moi

**Søndag 31. august stilte årets konfirmantar godt budd til gudstenesta.**

Dei åtte konfirmantane hadde førebudd dramatisering av teksten og fekk levandegjort teksten om «Sarepta's krukke».

Elles hadde dei teikna svære plakatar med illustrasjonar, og sporty stilte dei opp som kor.

Presten delte ut studiehefte til dei og oppmuntra til å få mykje ut av konfirmanttida.



***Bak fv. Kristian Lie Alvestad, Johan Rossebø, Sander Alvestad og Jørgen Nilssen.***

***Framme fv. Emilie Alvestad Espeland, Annelin Dagsland Jøsang, Sara Oksnes og Karen Drilen Jøsang.***

# 40 års jubileum for 9a og 9b, skuleåret 1973/74

Linda Ognøy

**Våren 1974 gjekk to klassar, 36 elevar, ut frå Bokn skule. Laurdag 20. september samla 26 elevar, lærar og skulesjef frå 1974 seg til jubileumsfest.**

Jubilantane møtte på sjøhuset til Lars Magnus Alvestad kl. 15.00. Kommunebussen, v. Egil Ognøy, måtte køyra to turar for å få med seg alle bort til skulen. Fleire hadde ikkje vore der sidan dei slutta i 1974, og dei fleste hadde heller ikkje vore rundt i heile skulen tidligare. Mykje var forandra. Me hadde ikkje eigne klasserom, men sat i ope landskap, noko som kunne vera svært uroleg, me kunne jo følga med på kva alle andre dreiv på med. Våre plassar i landskapet var i nord der mellomtrinnet nå har sine klasserom. Etter omvisninga enda me opp i biblioteket, der me hadde kaffi og rundstykke.

På kvelden var det middag, kaffi og kaker. Ein liten quiz hadde me og. Mimring og gode historiar blei det til langt ut i dei små timar.

Tusen takk til alle som kom og var med å gjorde feiringa svært vellukka.



*Foto: Marie Vågshaug*

***Klasse 9a frå v. Skulesjef Magne Nygård, Bernt Øvrebø, Onar Alvestad, Gunnar Bokneberg, klasselærar Peder Grønnestad, Linda Ognøy, Lars Sigmund Alvestad, Marie (Kro) Tangen, Helge Kristian Nilssen, Kari Håland, Halvor Borgenvik, Helene (Thorland)Brathammer, Rita (Berge) Nesvik, Astrid Aksdal, Venke (Borgenvik) Haga, Åse (Dirdal) Johannessen, Morten Våge. Ikkje til stades: Jon Andreas Aksdal, Ove Alvestad, Henning Are, Ingvard Ørjansen, Tove Vetvik.***



*Foto: Linda Ognøy*

***Klasse 9b frå v. Skulesjef Magne Nygård, lærar Peder Grønnestad, Kåre Sæbø, Reidun (Nedrebø) Johannessen, Egil Ognøy, Annleif Sæbø, Ingbjørg Helene (Bryningsland) Goa, Kjell Magne Medhaug, Lars Magnus Alvestad, Harriet (Grønnestad) Gjertsen, Elly (Hognaland) Borgenvik, Marie (Thorland) Vågshaug. Ikkje til stades: Martin Kro, Asta (Alvestad) Kro, Marit Alvestad, Bodil (Hagenes) Bryningsland( tilstades om kvelden), Oddbjørg Vågshaug.***

# GRATULERER!



**Henriette Øvrebø Ohnstad & Mads Bertin Ohnstad.**

Vi giftet oss den 07.06.2014 i Bokn kyrkje. Tusen takk til alle som delte dagen med oss!

**Hilsen Henriette Øvrebø Ohnstad og Mads Bertin Ohnstad.**



**Kornelius B. Aarvik - 4 år, 2. sept.**

Hipp hurra, gratulera så masse med dagen!

**Klem frå farmor, farfar, gjengen på Bømlo og i Sverige:)**



**Noah Hesthammer - 6 år, 5. september.**
**Karoline Hammer Våge - 4 år, 22. september.**

Gratulere til dei to flotte barnebarna våre. Kjempe glad i dokke begge!

**Klem fra mormor og morfar/besten**



**Eiril Wahlgren Lie - 8 år, 19. sept.**

Min sporty prinsesse Eiril Wahlgren Lie var 8 år den 19. september. Gratulerer så masse med dagen!

Kjempemasse glad i deg.

**Hilsen mamma.**

# GRATULERER!

## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Andel av Gnr 9, bnr 178** er overdradd til Lars Arvid Norekvål og Malin Taraldlien **(04.08.2014)**

**Gnr 3, bnr 59** er overdradd fra Arne Øvrebø til Anne Tove Øvrebø **(07.08.2014)**

**Gnr 13, bnr 15** er overdradd fra Bjørg Solveig Jørgensen Goa, Klara Olaug Jørgensen og Berit Synnøve Roskifte til Hege Bergtun Hamre **(21.08.2014)**

**Hognalandsvegen 55 (Gnr 17, bnr 31)** er overdradd fra Loden Laks as til Grieg Seafood Rogaland as **(22.08.2014)**

**Gnr 19, bnr 75** er solgt for kr 2.700.000 fra Hans Oluf Dahl til Marianne Grødem-Johansen og Petter Grødem-Johansen **(25.08.2014)**

**Andel av Gnr 3, bnr 32** er overdradd fra Refat Salama til Hoda Helmy Salama **(27.08.2014)**

Overdragelsen omfatter også andel av **Øvrebøvågen 4 (Gnr 3, bnr 42)**

**Gnr 9, bnr 10** er overdradd for kr 12.920 fra Berta Våge til Lars Arvid Norekvål og Malin Taraldlien **(28.08.2014)**

**Gnr 3, bnr 41** er overdradd fra Arne Øvrebø til Anne Tove Øvrebø **(29.08.2014)**

**Kjelde: Statens kartverk**

# Kulturkalenderen

**- nye arrangement/endringar -**

**Oktober**

03. Kino i Auditoriet
Veke 41 Haustferie, Bokn skule
05. Bokn bedehus: ABR-senteret kl. 19.00
06. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
**08. Artep kulturkafe, Kyrkjebygd kulturhus kl. 16.00-19.00**
**10. Klubbkveld, Petra Fritidsklubb kl. 20-24**
12. Gudsteneste kl. 11.00
**15. Artep kulturkafe, Kyrkjebygd kulturhus kl. 16.00-19.00**
**15. Strikkekafe, Kyrkjebygd kulturhus kl. 18.00-21.00**

15. Bokn bedehus: Kontaktmøte kl. 19.00
**17. Skulebasar kl. 10.00, til inntekt for TV-aksjonen**
17. Kino i Auditoriet
19. TV-AKSJONEN 2014
20. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
**22. Artep kulturkafe, Kyrkjebygd kulturhus kl. 16.00-19.00**
22. Bokn bedehus: Norsk kirke i utlandet har basar kl. 19
**24. Klubbkveld, Petra Fritidsklubb kl. 20-24**
25. Auksjon - arr. Bokn musikkorps
26. Gudsteneste kl. 11.00
26. Overnattingstur for stifinnar-speidarane
